

## EQUITANA 97

No er det ca. eit år sidan dei første tankane gjekk i retning Equitana. La oss tenkje litt tilbake korleis alt starta.

Rundt juletider 1995 vart vår tyske medlem i Norges Fjordhestlag (NFL) oppringt av Rainer Kunz -forretningsfører i det tyske fjordhestlag (IGF), vedkomande eit eventuelt samarbeid og deltaking mellom NFL og IGF på Equitana 97. Dette blei drøfta på eit lite møte i Eid Fjordhestlag. Etter dette møtet, sette Arne Olav Bjørlo, Anne Karin Løken og Erhard Martin seg ned, for å sende eit ide-forslag til styret i NFL. Styret var innforstått at vi kunne setje saman ei arbeidsnemnd og starte med dette arbeidet.

Arbeidsnemnda består av: A.O.Bjørlo, A.K.Løken, Jostein Vonheim, Bjørn Fløtre, Kari Indrebø, Bjørn Vollstad og Erhard Martin.

På første møte, 21.5.96, diskuterte vi korleis vi kunne finansiere heile prosjektet og målsetninger.

Å utvide moglegheiten for økonomisk og kulturell vinning for landet generelt, samt innan bruk, avl og eksport av fjordhest spesielt.

Oppsøkje ein ny/utvide eksisterande marknad utover eigne landegrensar, med auka marknadsføring og sal av norskavla fjordhest og norskprodusert utstyr som hovudmål.

Fremje Norge sin posisjon som reisemål/turistland, med vekt på konkret bruk av fjordhest som salsfremjande tiltak (skyssverksemd, gardsturisme, etc.)

Vedkomande finansiering, blei vi einige om at vi skulle prøve med sponsormidlar og ev. BU-midlar, men til sist bestemte vi oss for og ta kontakt direkte med Landbruksdepartementet (24.6.96). Vidare skulle vi ta kontakt med Norsk Hestesenter (NH) på Starum (12.6.96). Frå begge plassane fekk vi positive tilbakemeldingar.

Vi blei einige om eit møte i samanheng med hoppeutstilling i Stryn den 23.8.96. Desse møtte:

Lisbet Udland Hansen, Landbruksdepartement  
Mette Risbråthe, Forskningsparken på Ås  
Arne Presthus, leiar i Norges Fjordhestlag  
Erhard Martin, leiar i arbeidsnemnda  
Bjørn Fløtre, arbeidsnemnda  
Bjørn Vollstad, arbeidsnemnda  
Jostein Vonheim, arbeidsnemnda  
Arne Olav Bjørlo, arbeidsnemnda

E. Martin informerte om invitasjon av IGF og planar om å setje opp ein norske landsby, med ein stand frå IGF, ein frå Norge og ca. ti andre stand for private oppdrettarar. Det blei bestemt at Forskningsparken skal lage to typar brosjyrer. Den eine skal vere til familien og den andre til fagfolk. Vidare skal det lagast eit postkort som kan delast ut til barn. Forskningsparken skal også stå for ein slideserie og har ansvaret for standen med bilder og anna utstyr. Elles blei vi einige om at den norske standen skal lagast til som ein setervoll.